

Fra: Marthe Hammer (mchammer@online.no)

Sendt: 26.02.2020 08:16:03

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til fylkesordføreren under fylkestinget 3.-4.mars - Hordfast

Vedlegg:

Spørsmål til fylkesordføreren under fylkestinget 3.-4.mars

Hordfast og statlig plan

Det vart gjort vedtak den 20.12.2013 om bruk av statleg plan etter plan- og bygningslova i det vidare arbeidet med kommunedelplanen for Hordfast.

Den vanligaste organisering av planarbeidet med lokal og regional medverknad framgår av oppsett under som er henta frå presentasjon frå Kommunaldepartementet. Det peikast her på nokre viktige føresetnadar for å oppnå gode prosessar og ønska resultat:

1. Regionale vegkontor organiserar planarbeidet og legg planar ut til offentleg ettersyn
2. Tett dialog mellom forslagsstiller og KMD i utarbeiding av plandokument.
3. Høyring av planprogram og planforslag skjer i samråd med KMD.
4. Kommunane er ikkje planmyndigheit – men er likevel viktige høyringsinstansar. Det må settes fristar som tillet politisk handsaming av planforslag.
5. Fylkeskommunane og regional stat har ikkje adgang til å fremme motsegn – men viktig å få avklart konflikter med nasjonale og vesentlige regionale interesser.
6. Planprogrammet må forplikte i forhold til medverknad.
7. Fylkeskommunen og regional stat må trekkes aktivt inn i planarbeidet. **Regionalt planforum bør brukast aktivt i alle fasar, også før høyring og offentlig ettersyn.**
8. KMD vurderer deltaking i planforum og i opne møte etter behov.
9. KMD samordnar mot øvrige departement når det er nødvendig.

Statlig plan har i liten grad vore brukt i store utbyggingsprosjekt i regi av SVV her i gamle Hordaland, nå Vestland. Det pågår for tida to slike prosjekt. Det er planlegginga av Hordfast på E39 og K5 på E16 fra Arna til Voss.

Som ein ser i dei opplista suksessfaktorane så er det av vesentleg betydning å etablere gode møteplassar, god medverknad både i forhold til den regionale stat, fylkeskommunen og dei berørte kommunane. I tillegg skal KMD vurdere deltaking i planforum og samordne øvrige departement når det er naudsynt.

Det vert understreka i punkt 5 at hverken fylkeskommunen eller fylkesmannen har adgang til å fremme motsegn – men viktig å få avklart konflikter med nasjonale og vesentlige regionale interesser. Både fylkesmannen og fylkeskommunen var tidleg ute og påpekte vesentlige regionale utfordringar knytt til bl.a. naturmangfold, landskapsinngrep, friluftsliv og kulturminner. Det vises til referat frå møte i planforum både i 2014 og 2015.

Utfordringane vart forsterka og konkretisert i høyringsuttalelsen frå både fylkesmannen og fylkeskommunen i høyringsrunden til Kommunedelplan for E39 strekningen Os-Stord. Fylkeskommunen sin høyringsuttalelse vart handsama i fylkesutvalet den 23. februar 2017. Vidare vert det synt til brev datert 06. mai 2019 der fylkesutvalet peikar på at fleire av høyringsinnspela til fylkeskommunen ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til, og ein ber om møte med kommunaldepartementet for å belysa desse utfordringane.

Fleire av temaene som vart løfta fram har også blitt framført gjennom ein rekke høyringsinnspel frå

interessorganisasjoner, grendalag og privatpersonar.

Det vises særleg til punkt 7. Fylkeskommunen og regional stat må trekkes aktivt inn i planarbeidet. **Regionalt planforum bør brukast aktivt i alle fasar også før høyring og offentleg ettersyn.**

Referata frå Planforum som er lagt ut på dei gamle heimesidane til Hordaland fylkeskommune viser at siste møte som omfattar E39 var den 17.mars 2015. I tillegg er det avholdt eit møte den 14.oktober 2014. Utover dette er ikkje saken løfta inn i Planforum.

Skal punkt 7 ha noen som helst mening må uenighet av en slik karakter løftes inn og avklarast i planforum. Vi konstaterer at det endelige forslaget til kommunedelplanen ikkje kjem i møte hverken fylkeskommunen eller fylkesmannen sitt forslag om senketunnel i Bårdsundet selv om dette er framholdt som eit svært viktig tiltak for å begrense inngrep på naturmangfald med fare for tap av vernede arter, friluftsliv og landskap.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Er det riktig at for Hordfast er det kun gjennomført møter i planforum i 2014 og 2015, og at etter 2015 har ikkje Hordfast vore sak i planforum?
- Kva tenkjer fylkesordføreren om at fylkeskommunen sine innspel til statlig plan ikkje er fulgt opp, ei heller Fylkesmannens kritiske høyringsuttalelse til kommunedelplanen?
- I ein statleg plan skal fylkekommunen og regional stat trekkes aktivt inn i planarbeidet. «**Regionalt planforum bør brukes aktivt i alle faser» av planarbeidet.** Hvis det ikkje er gjennomført regelmessige møte i planforum, eller at Fylkekommunen eller Fylkesmannen sine innspel ikkje er ivareteke, er fylkesordføreren samd i at dette er brudd med krava til gjennomføring av statleg plan?

Marthe Hammer (SV)

Sendt fra min iPhone